

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK

ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR ÅRET 1991

ÅRSMELDING FOR 1991 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

- 1.0. Organisasjon og administrasjon.
- 2.0. Drifta i 1991.
- 2.1. Bemanningsplan.
- 2.2. Innsamlinga og transportmateriell.
- 2.3. Drifta av Miljøstasjonen.
- 2.3.1. Akkumulatorbatteri.
- 2.3.2. Småbatteri.
- 2.3.3. Kvitevarer.
- 2.3.4. Glas.
- 2.3.5. Metall til gjenvinning.
- 2.3.6. Grovavfall.
- 2.3.7. Papp og papir.
- 2.3.8. Spesialavfall.
- 3.0. Slam.
- 4.0. Grovavfallsfylling.
- 5.0. Avgiftsstruktur.
- 6.0. Rekneskapen for 1991.

1.0. ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap, skipa av kommunane Volda og Ørsta, som eig selskapet med like delar kvar.

Selskapet er organisert og administrert i høve til gjeldande vedtekter.

Frå 1. januar 1989 overtok selskapet ansvaret for drifta av renovasjonen, medan Volda Kommune framleis hadde arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

Frå 1. januar 1990 overtok VØR også arbeidsgjevaransvaret.

Voldaregnskap AS har vore engasjert til å stå føre rekneskaps- og lønsarbeidet sidan 1989.

Rekneskapskapen er revidert av Distriktsrevisjonen for Vanylven, Sande og Volda.

2.0. DRIFTA I 1991.

2.1. Bemanningsplan.

I 1991 har VØR hatt 11 tilsette. Desse er fordelt på 3 sjåførar, 6 innsamlarar (herav 2 vikarsjåførar), 1 driftsoperatør ved stasjonen (også delvis ute på innsamling) og driftsleiar.

Driftsleiaren har vore sjukemeldt mykje av 1. halvår, og tok, etter eige ønske, til i halv stilling frå 01.08.1991. Han hadde driftsleiaransvaret fram til ny driftsleiar kan tok til i full stilling den 01.04.1992.

Rekneskapskontoret har i samband med dette vore engasjert til å utføre det vesentlege av den merkantile del av driftsleiaren sine oppgåver. Det er gjort særskilt avtale om dette med rekneskapskontoret, som har stått for omlag ei halv stilling i heile 1991 i tillegg til tidlegare avtalte oppgåver med rekneskapsføring og lønningar.

Det er utarbeidd og godkjent ny organisasjonsplan og nye instruksar for driftsleiar og oppsynsmann. Det er også utarbeidd og godkjent instruks for varer og tenester.

Verksemda vart i 1991 innmeld som assosiert medlem i Kommunenes Sentralforbund.

2.2. Innsamlinga og transportmateriell.

Som nemnt under bemanningsplanen er det 3 sjåførar og 6 mann på innsamling. Renovasjonsområdet vart utvida med strekninga Festøy - Standal hausten 1991, og er no fullt utbygd etter det som er planlagt.

VØR har ein bilpark beståande av 2 nyare bilar (89- og 90 modellar) og 2 eldre bilar for innsamling av avfall, samt 1 containerbil.

På slutten av året fekk ein maskinhavari på ein av dei gamle bilane, og kostnaden ved å sette istand denne vart ca. kr. 60.000,-. Reparasjonen og kostnaden er tatt i 1992.

Dei faste rutinane på innsamlinga fungerer no svært godt, og ein vil difor ta over innsamlinga på Lauvstad og i Dalsfjorden frå den 15/4-1992, som har vore utført med innleigd hjelp. Ein reknar ikkje med å måtte utvida bemanninga for å klare dette.

Det er utarbeidd og godkjent instruks for sjåførar i 1991.

2.3. Drifta av Miljøstasjonen.

Rutinene ved stasjonen er tilpassa dei avfallsgrupper som til ei kvar tid kjem inn.

Stasjonen har fungert stort sett tilfredsstillande reint teknisk, men det gjenstår fortsatt ein del garantireparasjonar som ikkje er utført av leverandøren. Desse skal utførast i 1992.

Det skal utarbeidast nye rutinar for registrering av grovavfall, då dette ikkje har vore mogeleg å få til på nøyaktig vis med det system ein har hatt til no. Dette arbeidet skal utførast i 1992.

Det er utarbeidd og godkjent instruks for drifta av miljøstasjonen.

Det har vore usemje mellom VØR og transportøren av containarane til Grautneset om grunnlaget for berekning av minstepris/minstekvantum grunna akseltrykkbegrensningar.

Tvisten vart løyst ved rettsforlik den 13. september 1991. Forliket ga begge parter delvis medhald.

2.3.1. Akkumulatorbatteri.

Ein har i fleire år motteke akkumulatorar for mellomlagring og vidare-sending.

I 1991 tok VØR imot 35 tonn og sidan 1987 har vi teke imot tilsaman 120 tonn akkumulatorar som, ialle fall for ein del, elles ville ha hamna i naturen.

2.3.2. Småbatteri.

Desse vert samla inn av Batteriinnsamlinga Midt-Norge ved at batteriboksar er utplasserte rundt om i butikkar i området. VØR har hatt det økonomiske ansvaret for dette ut 1991, då ordninga opphørte.

Då småbatteri no inneheld mykje mindre tungmetallar enn tidlegare, er det lite truleg trong til, av omsyn til miljøet, å halde fram med eige innsamling av slike batteri, og det er førebels ikkje tatt stilling til om det skal etablerast særskilt ordning for dette.

2.3.3. Kvitevarer.

VØR har i 1991 motteke over 800 m³ av frysarar, kjøleskap og komfyrar for mellomlagring og vidaretransport.

2.3.4. Glas.

I tillegg til at glas kan leverast på Miljøstasjonen, kan det leverast i igloar på fylgjande sentrale plassar i Volda og Ørsta kommunar: Volda Sentrum, Fyrde i Austefjorden, Folkestadbygd, Lauvstad, Ørsta Sentrum, Sæbø, Søre Vartdal og Barstadvik.

I 1991 vart det samla inn 30 tonn glas, som tilsvarende 1990. Det bør satsast endå meir på innsamling av glas frå hushaldningane, slik at tilbodet vert om lag likt same kvar i kommunane ein er busett.

Folk har vorte svært medvitne til sortering av glaset, og dette er ein viktig føresetnad for at tiltaket skal fungere.

Innsamla glas går til Vest Miljø på Hareid som knuser og lagrar glaset då

mottaket i Noreg har vore sprengt ei tid.

2.3.5. Metall til gjenvinning.

Mindre mengder metall til gjenvinning har vore levert til Miljøstasjonen. Vartdal Gjenvinning AS har teke seg av vidaretransport av dette.

2.3.6. Grovavfall.

Reinhaltsverket har idag prekær mangel på fyllplass for grovavfall. I Ørsta vert Åmbøhola nytta og VØR tek imot ein del grovavfall på den gamle plassen i Alida. Det er grunn til å tru at relativt store mengdar grovavfall fortsatt vert deponert på ikkje godkjende plassar. Reinhaltsverket har difor prioritert arbeidet med ny grovavfalls plass, sjå kap. 4.0.

2.3.7. Papp og papir.

Ein stor del av bølgepapp o.l. frå forretningar og industri vert henta av Pappemballasje i Sykkylven. Reinhaltsverket har i 1991 teke imot mindre mengder papir til gjenvinning. Vidare har ein transportert papir for lag og organisasjonar til Ålesund og Sykkylven. Motteke og transportert papir utgjorde i 1991 til saman ca. 60 tonn.

2.3.8. Spesialavfall.

Mottaket for spesialavfall vart opna i 1990, men vert for lite nytta i høve til kva ein hadde venta seg. Ein har teke imot bare mindre mengder av maling, lakk, lim og spillolje. Ein legg difor, i samarbeid med Vest Miljø AS på Hareid, opp til organiserte "miljøruter" i kommunane i 1992 for innsamling av spesialavfall.

3.0. SLAM.

Det er utarbeidd og godkjent vedtekter og fastsett avgifter for innsamling og deponering av septikslam. Det er gjort avtale med Miljøservice AS i Stryn om at dei skal stå føre slambehandlinga i vårt område. Ordninga er utsett til 1. juli 1992, og dei i 1991 budsjetterte kostnadane til opparbeiding av mellomlagringsplass for slam er overført til 1992. Finansiering er gjort ved gunstig låneopptak i KLP. Lånet vil verte konvertert og teke til inntekt i 1992.

4.0. GROVAVFALLSFYLLING.

Som nemnt under kap. 2.3.6. er det ei svært viktig oppgåve å få istand ein godkjent grovavfallsfyllplass. Volda kommune har regulert eit område for formålet i Alida.

Ein finn ikkje grunn til å kommentere dei øvrige postane særskildt, men visar til rekneskapen.

Konklusjon.

Året 1991 har stort sett vore eit positivt år for Volda / Ørsta Reinholdswerk. Trass i at ein har hatt ein del vanskar i samband med sjukdom i året, har ein fått utretta mykje positivt; Ikkje minst har ein greidd å konsolidere økonomien mykje.

Ein vil likevel påpeke at ein fortsatt har underskot frå 1990 som må dekkast inn, og at det er svært lite å gå på i høve kostnadar, slik at ein må eit svært edrueleg haldning til dette både når det gjeld drift i 1992 og budsjett for seinare år.

Det må arbeidast målretta for å auke VØR sin andel av handtering av det avfall som reelt vert deponert innanfor selskapet sitt geografiske virkeområde, jfr. Aambøhola. Auka kvanta vil gje lågare einingsprisar og meir rettferdige tilhøve for dei som betalar gildet idag, nemleg dei private husstandane og nokre verksemder, mens andre "lurer seg unna" med meir eller mindre lovlege ordningar.

Arbeidet med vidare rasjonalisering av innsamlingsrutinane bør fortsette, både med tanke på mannskapsbruk, kostnadar og miljø.

Hovdebygda, den 10. juni 1992



Kjetil Årøen
driftsleiar

| DEBET | | KREDIT | |
|--|------------------|--|------------------|
| 1/1 19 Saldo(undersk. i kapital) | | 1/1 19 ⁹¹ Saldo (kapital) | 1.043.809,79 |
| Debetposter i året : | | Kreditposter i året: | |
| Salg av fast eiendom | | Aktivering av fast eiendom | 4.930,30 |
| Nedskrivning av fast eiendom | 61.200,00 | Oppskrivning av fast eiendom | |
| Avskrivning av maskiner og transpm. | 218.750,00 | Aktivering av maskiner og transp. | |
| Salg av aksjer | | Kjøp av aksjer | |
| Nedskrivning av aksjer | | Oppskrivning av aksjer | |
| Avdrag på utlån | | Utlån | |
| Avskrivning på utlån | | Tilbakeføring på lån av fondsmidl. | |
| Lån av fondsmidler | | Tilbakeføring på lån av kont.beh. . | |
| Lån av kontantbeholdning | | Avsetning til kontantbeholdning. . | |
| Overføring fra kontantbeholdning | | Avdrag på eksterne lån | 279.950,00 |
| Bruk av lånemidler fra eksterne lån. | | | |
| 31/12 19 ⁹¹ Balanse (kapital) | 1.048.740,09 | 31/12 19 Balanse (undersk. i kapital) | |
| | Kr. 1.328.690,09 | | Kr. 1.328.690,09 |

Hovdebygda

den 10.06.1992

Kjetil Aasen

Jon M. Mathiesen

John Stegler

| KONTO | TOTALE UTGIFTER OG INNTEKTER | UTGIFTER | INNTEKTER | RESULTAT |
|-----------|------------------------------------|--------------|--------------|--------------|
| 38.00. | TOTALE UTGIFTER OG INNTEKTER | | | |
| 38.00.0 | LØNSUTGIFTER | 2.407.119,62 | 0,00 | 2.407.119,62 |
| 38.00.1 | KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR | 99.134,67 | 0,00 | 99.134,67 |
| 38.00.2 | DRIFTSUTGIFTER | 4.450.826,34 | 0,00 | 4.450.826,34 |
| 38.00.3 | RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER | 739.393,15 | 0,00 | 739.393,15 |
| 38.00.4 | NYANLEGG | 4.930,30 | 0,00 | 4.930,30 |
| 38.00.5 | FINANSIELLE UTGIFTER | 385.864,54 | 0,00 | 385.864,54 |
| 38.00.6 | INNTEKTER RENOVASJON | 0,00 | 8.101.322,80 | 8.101.322,80 |
| 38.00.7 | REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER | 0,00 | 149.558,53 | 149.558,53 |
| 38.00.8 | TILSKOT | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.9 | FINANSIELLE INNTEKTER | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | | 8.087.268,62 | 8.250.881,33 | 163.612,71 |
| 38.00.590 | REKNEKAPSMESSIG OVERSKOT 1991 | 163.612,71 | 0,00 | 163.612,71 |
| | TOTALE UTGIFTER / INNTEKTER | 8.250.881,33 | 8.250.881,33 | 0,00 |

OVERSIKT OVER NYBYGG
OG NYANLEGG M.V.

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK

[År

1991

[Blad

9

| Konto | Anlegg, kostnadsoverslag, dekning | Tidligere medgått | Medgått i året | Overført ubrukt (av driftsmidler) | Til senere dekning |
|-----------|------------------------------------|---------------------|-----------------|--------------------------------------|--------------------|
| 38.00.401 | Komprimatorstasjon Hovdebygda | 4.744.953,71 | 1.822,92 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.420 | Anlegg Slam | 3.156,70 | 1.107,38 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.420 | Anlegg Grovavfall | 0,00 | 2.000,00 | 0,00 | 0,00 |
| | | <u>4.748.110,41</u> | <u>4.930,30</u> | <u>0,00</u> | <u>0,00</u> |
| | <u>Dekning:</u> | | | | |
| 38.00.810 | Tilskot frå Miljøverndepartementet | 925.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.981 | Lån frå Realkreditt | 1.400.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.983 | Lån frå Norges komm.bank | 2.200.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | Driftsmidler | 223.110,41 | 4.930,30 | 0,00 | 0,00 |
| | | <u>4.748.110,41</u> | <u>4.930,30</u> | <u>0,00</u> | <u>0,00</u> |

| KONTO- NUMMER | REKNESEKAP 1991 | OPPHAVELEGG BUDSJETT | REKNESEKAP 1990 |
|------------------|---|-------------------------|--------------------|
| 38.00.0 | LØNSUTGIFTER | | |
| 38.00.001 | MØTEGODTGJERSLE | 12.000,00 | 17.400,00 |
| 38.00.010 | LØN I FASTE STILLINGAR | 1.780.000,00 | 1.615.785,44 |
| 38.00.081 | EKSTRAHJELP | 270.000,00 | 326.957,62 |
| 38.00.082 | OVERTID | 65.000,00 | 87.431,95 |
| 38.00.090 | ARBEIDSGJEVARAVGIFT | 280.800,00 | 276.161,88 |
| 38.00.091 | PENSJONSUTGIFTER | 80.600,00 | 44.600,50 |
| 38.00.092 | KOMM. OPPLÆRING | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.093 | EGEN KAP. PENSJON | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.095 | SOSIALE KOSTNADER LØN | 5.000,00 | 3.749,80 |
| | | 2.493.400,00 | 2.372.087,19 |
| 38.00.1 | KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR | | |
| 38.00.100 | NY RENOVASJONSBIL | 0,00 | 744.789,55 |
| 38.00.110 | NYANSKAFF. MASKINAR/TEKNISK UTSTYR | 0,00 | 115.672,89 |
| 38.00.120 | INNBU OG UTSTYR | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.151 | VEDLIKEHALD ALIDA | 2.000,00 | 15.857,80 |
| 38.00.152 | VEDLIKEHALD KOMPRIMATORSTASJON | 30.000,00 | 51.868,28 |
| 38.00.153 | VEDLIKEHALD MASKINAR/UTSTYR ANLEGG OG UTSTYR | 12.000,00 | 22.607,07 |
| | | 44.000,00 | 950.795,59 |
| 38.00.2 | DRIFTSUTGIFTER | | |
| 38.00.200 | KONTORUTGIFTER | 36.000,00 | 52.142,12 |
| 38.00.201 | GEBYRER/BETALINGSFORMIDLING | 2.000,00 | 1.988,00 |
| 38.00.210 | LYS OG BRENSEL | 40.000,00 | 26.631,41 |

| KONTO- NUMMER | REKNESKAP 1991 | REKNESKAP 1990 |
|------------------|---------------------------------|-------------------|
| 38.00.211 | REINH.MATERIELL/LYSPØRE ETC. | 1.060,72 |
| 38.00.212 | REINHOLD | 28.191,35 |
| 38.00.213 | KOMMUNALE AVGIFTER | 2.068,00 |
| 38.00.222 | AVGIFTER OG TRYGDER BYGG | 3.805,00 |
| 38.00.226 | GRUNNLEIGE Fyllplass ALIDA | 0,00 |
| 38.00.230 | REISE/KOST OG REPRESENTASJON | 38.055,12 |
| 38.00.231 | FERJEUTGIFTER | 24.916,00 |
| 38.00.240 | AVGIFTER/TRYGDER BILAR | 71.414,00 |
| 38.00.250 | DRIVSTOFF/REKVISITA BILAR | 86.807,90 |
| 38.00.255 | TRANSPORT GRAUTNESET | 358.403,78 |
| 38.00.256 | TRANSPORT AV GLAS | 0,00 |
| 38.00.257 | TRANSPORT AV SPESIALAVFALL | 0,00 |
| 38.00.258 | SPESIALAVFALL | 2.036,67 |
| 38.00.260 | VEDLIKEHALD BILAR/MASKINAR | 13.874,27 |
| 38.00.261 | VEDLIKEHALD UE-37358 TOYOTA 77 | 693,94 |
| 38.00.262 | VEDLIKEHALD UE-46844 MB 78 | 47.841,50 |
| 38.00.263 | VEDLIKEHALD UE-46761 MB 78 | 115.921,48 |
| 38.00.264 | VEDLIKEHALD UE-58711 VOLVO 82 | 68.903,68 |
| 38.00.265 | VEDLIKEHALD UN-14905 NISSAN 84 | 6.304,62 |
| 38.00.266 | VEDLIKEHALD UE-73901 VOLVO 88 | 972,10 |
| 38.00.267 | VEDLIKEHALD UE-75576 SCANIA P93 | 20.624,43 |
| 38.00.268 | VEDLIKEHALD TRAKTOR 88 | 1.914,77 |
| 38.00.270 | VERNE- OG ARBEIDSKLÆR | 16.264,18 |
| 38.00.271 | LINJELEIGE RADIO HELGEHORNET | 0,00 |
| 38.00.280 | GAR/ULYKKESTRYGD PERSONER | 14.358,81 |
| 38.00.281 | KONTINGENT K.S. | 0,00 |
| 38.00.290 | ANDRE DRIFTSUTGIFTER | 4.964,10 |
| 38.00.291 | KURSUTGIFTER | 2.000,00 |
| 38.00.292 | ØREAVRUNGING MVA | 0,00 |
| 38.00.293 | UTGIFTER BATTERIINNSAMLING | 0,23 |
| 38.00.294 | REKNESKAP/REVISJON | 55.519,15 |
| 38.00.295 | INNLEIGE AV MASKINAR/ARB.HJELP | 123.873,00 |
| 38.00.296 | KJØP AV SEKKAR | 99.039,64 |
| | | 360.580,75 |

OPPHAVELEGG
BUDSJETT

REKNESKAP
1991

REINH.MATERIELL/LYSPØRE ETC.

KONTO-
NUMMER

| ÅRSREKNESKAP 1991 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 10/06/92 | | REKNESKAP | OPPHAVELLEGG | REKNESKAP |
|--|--------------------------------------|--------------|--------------|--------------|
| KONTO- | REKNESKAP | 1991 | BUDSJETT | 1990 |
| NUMMER | | | | |
| 38.00.297 | KJØP AV STATIV | 60.247,00 | 50.000,00 | 80.450,00 |
| 38.00.298 | FORBRENNINGSKOSTN. GRAUTNESET | 2.738.797,55 | 2.760.000,00 | 2.470.024,58 |
| 38.00.299 | BEDRIFTSELSETENESTA | 12.875,00 | 15.700,00 | 22.425,00 |
| | DRIFTSUTGIFTER | 4.450.826,34 | 4.478.400,00 | 4.224.070,30 |
| 38.00.3 | RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER | | | |
| 38.00.340 | SKADESERSTATNING | 7.122,00 | 5.000,00 | 11.469,50 |
| 38.00.341 | ADMINISTRASJONSKOSTNADER | 92.340,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.342 | KONSULENTHONORAR | 25.900,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.380 | RENTER/PROVISJON KASSAKREDITT | 7.001,25 | 50.000,00 | 45.587,50 |
| 38.00.381 | RENTER PÅ LÅN ANLEGG | 420.234,00 | 481.400,00 | 640.852,24 |
| 38.00.382 | RENTER PÅ LÅN BILKJØP | 185.066,00 | 244.800,00 | 113.726,00 |
| 38.00.389 | YMSE RENTER/MORARENTER | 1.729,90 | 0,00 | 1.285,19 |
| | RENTER / EKSTRAORD.KOSTN | 739.393,15 | 781.200,00 | 812.920,43 |
| | SUM UTGIFTER DRIFT IALT | 7.696.473,78 | 7.797.000,00 | 8.359.873,51 |
| 38.00.4 | NYANLEGG | | | |
| 38.00.401 | KOMPRIMATORSTASJON HOVDEBYGDA | 1.822,92 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.410 | ANLEGG SPESIALAVFALL | 0,00 | 0,00 | 128.079,98 |
| 38.00.420 | ANLEGG SLAM | 1.107,38 | 273.000,00 | 3.156,70 |
| 38.00.430 | ANLEGG GROVAVFALL | 2.000,00 | 423.000,00 | 0,00 |
| | NYANLEGG | 4.930,30 | 696.000,00 | 131.236,68 |
| 38.00.5 | FINANSIELLE UTGIFTER | | | |
| 38.00.522 | DEKKING AV TIDLEGARE UNDERSKOT | 22.614,54 | 22.615,00 | 0,00 |
| 38.00.550 | AVSETTING TIL FOND TIL KAPITALFORMÅL | 83.300,00 | 0,00 | 0,00 |
| 38.00.581 | AVDRAG LÅN ANLEGG | 61.200,00 | 61.200,00 | 0,00 |
| 38.00.582 | AVDRAG LÅN BIL | 218.750,00 | 218.750,00 | 93.750,00 |
| | FINANSIELLE UTGIFTER | 385.864,54 | 302.565,00 | 93.750,00 |

ÅRSREKNESEKAP 1991 FOR VOLDA/ØRSTA REINHOLDSSVERK - UTSKRIVEN 10/06/92

SIDE: 13

| KONTO- NUMMER | REKNESEKAP 1991 | OPPHAVELEGE BUDSJETT | REKNESEKAP 1990 |
|------------------|---------------------------------|-------------------------|--------------------|
| 38.00.590 | BUDSJETTERT OVERSKOT DRIFT 1991 | 121.385,00 | 0,00 |
| | SUM UTGIFTER IALT | 8.917.000,00 | 8.584.860,19 |

ÅRSREKNESKAP 1991 FOR VOLDA/ØRSTA REINHOLDVERK - UTSKRIVEN 10/06/92

SIDE: 14
REKNESKAP
1990

| KONTO- NUMMER | REKNESKAP 1991 | OPPHAVELEG BUDSJETT | REKNESKAP 1990 |
|------------------|----------------------------------|------------------------|-------------------|
| 38.00.6 | INNTEKTER RENOVASJON | | |
| 38.00.600 | SAL AV SEKKAR VOLDA | 25.000,00 | 33.247,00 |
| 38.00.601 | SAL AV SEKKAR ØRSTA | 25.000,00 | 17.512,00 |
| 38.00.602 | SAL AV STATIV | 60.000,00 | 97.500,00 |
| 38.00.610 | RENOV.AVG. STATIV VOLDA | 3.088.800,00 | 2.488.737,56 |
| 38.00.611 | RENOV.AVG. STATIV ØRSTA | 3.511.200,00 | 2.902.475,81 |
| 38.00.620 | AVGIFT FORRETN.AVFALL VOLDA | 719.625,00 | 952.542,46 |
| 38.00.621 | AVGIFT FORRETN.AVFALL ØRSTA | 719.625,00 | 582.290,22 |
| 38.00.630 | AVGIFT GROVAVFALL | 34.250,00 | 0,00 |
| 38.00.631 | AVGIFT SLAM | 30.000,00 | 0,00 |
| 38.00.670 | ANDRE INNTEKTER | 7.500,00 | 9.312,48 |
| | SUM INNTEKTER RENOVASJON | 8.221.000,00 | 7.083.617,53 |
| 38.00.7 | REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER | | |
| 38.00.700 | REFUNDERTE SJUKEPENGAR | 0,00 | 61.897,00 |
| 38.00.701 | REFUNDERTE FERIEPENGAR | 0,00 | 16.423,31 |
| 38.00.780 | RENTEINNTEKTER FRÅ BANK | 0,00 | 16.174,10 |
| | SUM REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER | 0,00 | 94.494,41 |
| 38.00.8 | TILSKOT | | |
| 38.00.840 | TILSKOT TIL NYANLEGG | 0,00 | 75.000,00 |
| 38.00.9 | FINANSIELLE INNTEKTER | | |
| 38.00.982 | LÅN BOLIG- OG NÆRINGSKREDITT | 0,00 | 1.000.000,00 |
| 38.00.986 | LÅN GROVAVGALL / SLAM | 696.000,00 | 0,00 |
| | SUM FINANSIELLE INNTEKTER | 696.000,00 | 1.000.000,00 |
| 38.00.990 | REKNEKAPSMESSIG UNDERSKOT 1990 | 0,00 | 331.748,25 |
| | SUM INNTEKTER IALT | 8.917.000,00 | 8.584.860,19 |

| KONTO NUMMER | | SPECIAL- SUMMER | HOVED- SUMMER |
|-------------------------|-------------------------|--------------------|------------------|
| AKTIVA | | | |
| FINANSIELLE AKTIVA | | | |
| 38.70.600 | KREDITKASSEN 05.04931 | 97.241,94 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 97.241,94 |
| FORDRINGAR | | | |
| 38.74.400 | DEBITORAR | 39.000,00 | |
| 38.74.410 | VOLDA KOMMUNE | 253.314,82- | |
| 38.74.420 | ØRSTA KOMMUNE | 75.605,08 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 138.709,74- |
| BEHALDNINGAR | | | |
| 38.78.100 | BEHALDNING AV STATIV | 13.543,00 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 13.543,00 |
| ANLEGG OG ANLEGGSMIDDEL | | | |
| 38.78.200 | TRANSPORTUTSTYR | 1.158.244,40 | |
| 38.78.400 | KOMPRIMATORSTASJON | 4.685.576,63 | |
| 38.78.410 | ANLEGG SPESIALAVFALL | 128.079,98 | |
| 38.78.420 | ANLEGG SLAMBEHANDLING | 4.264,08 | |
| 38.78.430 | ANLEGG GROVAVFALL | 2.000,00 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 5.978.165,09 |
| UNDERSKOT | | | |
| 38.79.801 | TIDLEGARE ÅRS UNDERSKOT | 331.748,25 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 331.748,25 |
| | SUM AKTIVA | | 6.281.988,54 |

ÅRSREKNEKAP 1991 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 10/06/92

| KONTO- NUMMER | PASSIVA | SPECIAL- SUMMER | HOVED- SUMMER |
|------------------|---------------------------------------|--------------------|------------------|
| 38.83.400 | VAREGJELD LEVERANDØRAR UBET. 31/12 | 1.468,50 | 1.468,50 |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 1.468,50 |
| 38.83.603 | LÅN REALKREDITT 095924 | 1.400.000,00 | |
| 38.83.604 | BOLIG-/NÆRINGSKREDITT 505351 | 515.625,00 | |
| 38.83.605 | NORGES KOMM. BANK 75.82001 | 2.138.800,00 | |
| 38.83.606 | BOLIG-/NÆRINGSKREDITT 510726 | 875.000,00 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 4.929.425,00 |
| 38.84.001 | ANNA GJELD SKATTETREKK | 76.426,00 | |
| 38.84.003 | PENSJONSTREKK | 8.706,10 | |
| 38.84.004 | FAGFORENINGSTREKK | 1,00 | |
| 38.84.005 | KOU-TREKK | 260,00- | |
| 38.84.210 | SKYLDIG ARBEIDSGJEVARAVG. FOLKETRYGDA | 43.381,00 | |
| 38.84.223 | OPPGJERSKONTO MEIRVERDI AVGIFT | 50.581,00 | |
| 38.84.360 | KREDITKASSEN 05.03821 | 123.392,86- | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 55.442,24 |
| 38.87.010 | FOND FOND TIL KAPITALFORMÅL | 83.300,00 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 83.300,00 |
| 38.89.800 | KAPITAL ÅRETS OVERSKOT | 163.612,71 | |
| 38.89.900 | KAPITALKONTO | 1.048.740,09 | |
| | UNDERKAPITULETS SUM | | 1.212.352,80 |
| | SUM PASSIVA | | 6.281.988,54 |
| | NETTO | | 0,00 |

I ÅRET OG LÅNEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

| | | | | |
|---|-------------------|------------------------|-------------------|------------------------|
| Lån nr. | 88.19082 | 505351 | 75.82.001 | 510726 |
| Kontonummer..... | 38.83.603 | 38.83.604 | 38.83.605 | 38.83.606 |
| Långiver..... | Realkreditt | Bolig & Næringskreditt | Norges Komm.bank | Bolig & Næringskreditt |
| Lånets formål..... | Omlastingsstasjon | Innsamlingsbil | Omlastingsstasjon | Innsamlingsbil o.a. |
| Låneform | | | | |
| Lånet opptatt (dato) | 22.02.1989 | 28.04.1989 | 25.05.1989 | 23.10.1990 |
| Opprinnelig størrelse (kr) .. | 1.400.000,- | 750.000,- | 2.200.000,- | 1.000.000,- |
| Rentefot (%) | 12,45% | 12,25% | 11% | 11,6% |
| Konvertibelt fra (dato) | | | | |
| Lånets løpetid..... | 20 år | 8 år | 20 år | 8 år |
| Siste avdrag (år) | 2009 | 1997 | 2009 | 1998 |
| Kontraktmessig avdrag i året (kr) | | 93.750,- | 61.200,- | 125.000,- |
| Nye lån tatt opp i regnskapsåret (kr) | | | | |
| Avdrag utgiftsført i regnskapsåret (kr) | | 93.750,- | 61.200,- | 125.000,- |
| Renter utgiftsført i regnskapsåret (kr) | 176.400,- | 72.691,- | 243.834,- | 112.375,- |
| Oppkjøpte obligasjoner for senere terminer (kr) ... | | | | |
| Avdragsrestanser (kr) | | | | |
| Virkelig gjeld (kr) | 1.400.000,- | 515.625,- | 2.138.800,- | 875.000,- |
| Renterestanser (kr) | | | | |
| Merknader | | | | |